



RÅDSMEDLEMMENE

INNKALLING TIL RÅDSMØTE

Dato: Torsdag 07.02.2019

Klokka 09.00 – 12.00

Stad: Hotel Ullensvang, Lofthus

Møteplanen for Hardangerrådet godkjent 13.09.2018 gjeld som møteinnkalling.

Agenda:

09.00 – 11.30 Sakshandsaming

11.30 – 12.00 Orientering:

Veronika Halstensen og Helena Flotve, Schibsted:
"Hardanger sett frå fylkeshovudstaden"

12.00 Møteslutt Hardangerrådsmøte

12.00 – 13.00 Lunsj

13.00 – 15.00 Arbeidsseminar mellom Hardangerrådet - Styret for Visit Hardangerfjord
Samarbeid om reiselivsutvikling -
"Hardanger - ein berekraftig region" - søknad til HFK

Orientering:

Saker til handsaming:


- HR-sak 01/19 Saker innmeldte ved starten av møtet. Vert tatt opp under sak 07/19.
- HR-sak 02/19 Meldingar
- HR-sak 03/19 Ny tingrettstruktur - Uttale frå Hardangerrådet til Domstolkommisjonen
- HR-sak 04/19 Nedlegging av trafikkstasjonar i Hardanger? Uttale frå Hardangerrådet.
- HR-sak 05/19 Mogeleg samarbeid i "Indre Vestland"? Oppfølging av innspel/tankar frå møte på Voss 9.01.2019 Drøfting
- HR-sak 06/19 Søknad om støtte til Landsfestivalen 2019
- HR-sak 07/19 Orienterings- og drøftingssaker

Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 53 67 14 50
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Kinsarvik 1. februar 2019

Hans Petter Thorbjørnsen/s
Rådsordførar

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar



Møtedato 07.02.2019	Saksansvarleg Trude Rinaldo
---------------------	-----------------------------

HR-sak **02/19** **Meldingar**

Melding 1 Invitasjon til Voss herad om å tiltre som medlemskommune i Hardangerrådet ,
frå Hardangerrådet 04.01.2019

Melding 2 Søknad om stønad til omsetjing til engelsk av boka "Slåttar frå Granvin ", frå
Terra Nova Press 24.01.2019.



Hardangerrådet iks



Hardanger

Fellesnemnda i Voss herad
v/ leiar Hans Erik Ringkjøb
5700 VOSS
postmottak@voss.kommune.no

Invitasjon til Voss herad om å tiltre som medlemskommune i Hardangerrådet.

Hardangerrådet vil med dette invitera Voss herad som medlem i Hardangerrådet frå 01.01.2020.

Hardanger og Voss vil med endringane i kommunestruktur frå 01.01.2020 koma mykje nærare kvarandre. Granvin herad, som idag er medlem i Hardangerrådet og som på alle måtar er å sjå på som ein Hardangerkommune, vil frå 2020 verta ein del av det nye Voss herad. I tillegg vil heile Oksenhalvøya verta del av Voss herad og grendene Tjoflot og Djonno vil verta flytta ut av Ullensvang herad.

Med dette vil Voss sine grenser verta utvida mykje mot sør og Voss herad vil m.a. få strandline til Hardangerfjorden frå Kjepso til Vallavik.

Dei endra samferdslelinene i denne delen av regionen, med Hardangerbrua som den største endringa, har også ført til eit langt større samkvem mellom Hardanger og Voss enn det ein såg tidlegare.

Det har derfor vore semje i Hardangerrådet om å førebu ei ønskja utviding av det regionale samarbeidet til å omfatta også Voss herad frå 2020. Naudsynt endring av selskapsavtale frå 2020 og strategidokument for 2020 - 2024 er vedteke i Hardangerrådet og selskapsavtalen er no oversendt medlemskommunane for endeleg godkjenning. Strategidokumentet er utarbeidd av ei arbeidsgruppe der også Voss kommune har delteke.


Medlemskommunane i Hardangerrådet vil innan 30.04.2019 handsama selskapsavtalen. MRK For Ullensvang kommune vil dagens kommunar Jondal, Odda og Ullensvang vedta ei tilråding som vert oversendt fellesnemnda.

Som det framgår av den nye selskapsavtalen vil Voss herad sin eigar- og ansvarsdel utgjera 37% av selskapet. Det er også gjort vedtak i rådet at Voss herad ved innmelding betaler eit tilskot til eigenkapitalen tilsvarende til som kvar kommune betalte ved etableringa i selskapet i 1989. Sjå vedlagte saksutgreiing.


Hardangerrådet ser fram til å få Voss herad med som medlem og ber om at fellesnemnda gjev tilråding til det nye heradsstyret i Voss herad om godkjenning av selskapsavtale for Hardangerrådet.

Kinsarvik 04.01.2019

Med fruktbar helsing frå Hardangerrådet



Hans Petter Thorbjørnsen
Rådsordførar



Jostein Eitrheim
Dagleg leiar

Kopi til:

hans.erik.ringkjob@voss.kommune.no

ingebjorg.winjum@granvin.kommune.no

arild.m.steine@voss.herad.no

Vedlegg:

Selskapsavtale for Hardangerrådet, gjeldande frå 01.01.2020

Strategiplan 2020-2024

Vedtak i Hardangerrådet vedr. tilskot til eigenkapitalen ved innmelding av nye medlemskommunar.

Melding AR

terra nova press  Hardangerrådet iks

Saksbeh:		Kop. til:
26 JAN 2019 Jan. 23, 2019		
Saksnr.	Dok. nr.:	Løpenr.:
Videres. til:	Arkivkode:	Ü. gif. S

To whom it may concern:

As a little boy Knut Hamre knocked on the doors of all his neighbors in his village of Granvin in Norway's Hardanger fjord. He stood before them with his fiddle case in hand. He needed to play, for himself and for the world. Since then he has devoted his life to playing the Hardanger fiddle—a unique folk violin with resonating strings beneath, like a sitar—and to teaching new generations the secrets of this ancient music, rooted in a stark and beautiful land.

We are delighted to be publishing Benedicte Maurseth's fine book *To Be Nothing: Conversations with Knut Hamre, Hardanger Fiddle Master*, in a beautiful flexibound edition printed in color in Estonia. Benedicte Maurseth is one of his most accomplished students, an internationally known artist who has recorded for the ECM label. In a book that brings to mind such classics as *Zen and the Art of Archery* and *Wabi / Sabi*, the student and her master together explore the quest for excellence and originality in the heart of a living tradition. At once mystical and practical, *To Be Nothing* is a series of dialogues about music, learning, teaching, the healing power of art, and the art of life itself. With photographs evoking the rugged landscapes and faces from which this music is born, as well as the exquisite beauty of the fiddles themselves, this is a work as serene as a fjord, and as deep.

If you would like to purchase copies in advance, we can offer you a special advance price of 50% off the Norwegian list price of NOK 280.

10 copies	2800
25 copies	7000
50 copies	14000
100 copies	28000

plus shipping from Estonia and VAT.

Afterwards the discount will be the standard 40%.

Tusen takk.

David Rothenberg, publisher

terra nova press

Jan. 23, 2019

To whom it may concern:

I am writing to request support to publish Benedicte Maurseth's fine book *Å vera ingenting* in English as *To Be Nothing: Conversations with Knut Hamre, Hardanger Fiddle Master*. This is a remarkable memoir about the Hardanger fiddle and Maurseth's relationship with her teacher, the great musician Knut Hamre. It is an unusual and accessible work—poetic, personal, in-depth and of interest to musicians and also the general public. It needs to be known outside of Norway.

There are so few books in English about the Hardanger fiddle, and about any music there are few books as beautifully written as this one. It is exactly the kind of unusual and important title we want to be publishing.

We also believe there will be a reasonable market for this book in English in Norway for those interested in Norwegian folk music not as a fixed tradition to be documented, but as a living, breathing contemporary art form.

Maurseth is becoming increasingly well-known internationally, she records on the prestigious ECM label, and as music sales on CDs are declining in the age of endless free streaming, there is a need for new and innovative musical products to be sold at shows and elsewhere. This book is exactly the kind of music object that is increasing in importance, and we are confident there will be real interest in it.

We are hoping you may be able to help us—This will be a beautiful small book, with a flexibound binding (half hardcover, half paper) printed in color with beautiful photographs of the instrument and the landscape from which this music comes.

To do this right we need some external support, and we hope you may be interested.

Tusen takk.

David Rothenberg, publisher
Terra Nova Press
University Heights
Newark, NJ 07102 USA

To Be Nothing
Conversations with Knut Hamre, Hardanger Fiddle Master

Benedicte Maurseth
translated by Bruce Thomson

**BUDGET for publication of the book in a high quality
flexibound edition, to be distributed by MIT Press.
Estimated publication date September 2019.**

Translation	\$6000	
advance to Norwegian publisher	1000	paid July 25 th 2018
advance to author	1000	
printing costs, color 1500 copies @\$4 per copy	6000	
Design	2000	
copy-editing	2000	
shipping and customs	2000	
marketing	1500	
estimate	\$21500	
support from publisher	\$9000	
funding sought	\$11500	[NOK 100,000]
estimated income		
100 sold directly @\$27 per copy	\$2700	
800 sold via distributor @\$8 per copy	\$6400	
NORLA grant for translation approved	\$3000	payable upon publication

In Norway will be around \$32 = NOK 280

price in USA will be \$27 = NOK 230

Vendors can buy in advance a large number at 60% off,
in Norway, NOK 170, plus shipping and VAT.

We would like to have advance orders in Norway of at least 400 books,
NOK 70000



Møtedato 07.02.2019

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

**HR-sak 03/19 Ny tingrettstruktur -
Uttale frå Hardangerrådet til Domstolkommisjonen**

Saksvedlegg:

- Vedlegg 1: Brev frå tilsette ved Hardanger tingrett
- Vedlegg 2: Brev frå advokat Anne Sofie Lutro på vegne av fleire
- Vedlegg 3: Saksutgreiing til Samarbeidsrådet for Sunnhordland i møte 01.02.2019

Saksutgreiing:

Domstolkommisjonen skal innan 1. oktober 2019 leggja fram rapport med tilråding om ny tingrettstruktur. Hardangerrådet hadde møte med leiar og sekretær for Domstolkommisjonen den 11. desember 2018. I dette møtet kom det fram at kommisjonen ønskjer innspel så tidleg som råd i prosessen. Hardangerrådet vart oppmoda om å koma med sine innspel så tidleg som råd i 2019.

I dette møtet vart det drøfta mogeleg sannsynlegheit for ein ny Hardanger og Sunnhordland tingrett etter "Sognemodell" med hovudkontor og avdelingskontor. Leiar for Domstolkommisjonen, Yngve Svendsen gav uttrykk for at ein tingrett for Hardanger og Sunnhordland som vil dekkja ein region på nærare 80.000 innbyggjarar ikkje vil vera for liten ift krav om minimum innbyggjartal for kvar tingrett i den nye strukturen.

I tillegg til møtet med Domstolkommisjonen har Hardangerrådet hatt møter med Hardanger tingrett og Lensmannen i Hardanger.

I møte 3. januar 2019 i Bergen mellom Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Hardangerrådet vart det drøfta grunnlag for at begge regionråda sende ein fellesuttale til Domstolkommisjonen. Ein slik fellesuttale skal vera basert på eit felles ønskje om ei samanslåing av Sunnhordland tingrett og Hardanger tingrett til ein ny felles Hardanger og Sunnhordland tingrett med hovudkontor på Stord. Ein slik modell vil sikra funksjonane og arbeidsplassane ved tingrettskontora i begge regionane.

Framlegg til vedtak:

1. Hardangerrådet støttar ei samanslåing av Sunnhordland tingrett og Hardanger tingrett til ny Hardanger og Sunnhordland tingrett.
2. Den nye eininga vert organisert etter "Sognemodell" med hovudkontor (Stord) og avdelingskontor (Lofthus)
3. Rådsordførar, ordførar i Ullensvang herad og dagleg leiar får fullmakt til, saman med representantar for Samarbeidsrådet for Sunnhordland å utforma og godkjenna ordlyd i uttalen.

Innspel til Domstolkommisjonen frå Hardanger tingrett.

Eg viser til dykkar brev av 18. september 2018 om Domstolkommisjonen sitt arbeid, der de ber om innspel knytta til struktur eller andre problemstillingar reist i kommisjonen sitt mandat. Som dommarar og funksjonærer ved Hardanger tingrett har me sjølv sagt meiningar om kva som er viktig når det gjeld framtidens domstol i rettskrinsen vår.

Hardangerregionen

Noreg er eit langstrakt land med relativt få innbyggjarar og store utkantar. Mykje av verdiskapinga i landet er knytt til utnytting av naturressursar i utkantområda. Det utfordrande med den nasjonale geografien vår, at busetnaden er spreidd, ser ein att i Hardanger. Rettskrinsen til Hardanger tingrett består av alle dei sju kommunane i Hardangerregionen. Her bur 22.860 menneske fordelt på eit samla areal på 6.303 km². I Hordaland fylke vil det seia at me utgjer 4% av innbyggjarane og 41 % av arealet. 94% av arealet er fjellområde, det vil seia over 300 meter over havet. Reiseavstandane i regionen er til tider store, både i lengde og reisetid. Attpåtil må dei som bur og arbeider her leva med rasfarlege og til dels dårlege vegar. Det er klart at daglegliv og næringsliv i eit slik område er i vesen ulikt det ein finn i urbane strøk.

Domstolen vår har til dømes kontor og rettssal på Lofthus, men i tillegg kommunale rettssalar i Norheimsund og i Odda. Slik prøver me å utføra oppdraget vårt på publikum sine premisser, ved å redusera reisetid og avstand for innbyggjarane.

Ein liten domstol

Det er fordeler med å vera ein liten og ubyråkratisk domstol, slik Hardanger tingrett er. I møte med aktørane i området vårt får me tilbakemeldingar på at me er effektive, lite byråkratiske og fleksible, i motsetnad til dei større embeta dei også må forhalda seg til. Me har jo dessutan inngående lokalkunnskap.

Samstundes ser me fordeler av å vera tettare tilknytt ei større eining med eit større fagmiljø med fleire dommarar og funksjonærer å spela på. Det vil nok i framtida vera andre krav til dommarane og funksjonærane sin kompetanse og kapasitet. Saksmengda varierer, og store svingingar i saksmengda kan vera vanskelegare å handtera for ein liten domstol med få tilsette. Større organisatorisk kapasitet kan også vera ein fordel ved handtering av andre utfordringar. Med meir ressursar kan me også verta endå betre på å vera ein domstol for framtida, ved å utvikla betre måtar å arbeida på, og ikkje minst med tanke på betre ressursutnytting.



Kva er viktig for innbyggjarane i Hardanger?

Idé- og verdigrunnlaget til domstolane byggjer på prinsipp som uavhengigheit, rettstryggleik, og vern om rettsamfunnet. Tilliten til oss skal vera høg. Arbeidet vårt skal vera prega av kvalitet, integritet, respekt, service, openheit, og effektivitet. For å oppnå dette må brukaren stå i sentrum når me byggjer framtidens domstol. Hardanger tingrett sikrar dette ved å bruka rettssalar ulike stader i regionen.

Utifrå brukaren sine behov må me då også tenkja på kva innbyggjarane i Hardanger er opptekne av:

Nærleik. Det inneber at det ikkje er for langt, korkje i kilometer eller timar, å reise til retten. Tilbakemeldingane frå innbyggjarane i rettskrinsen, er at dei er opptekne av avstand til rettslokala. Men nærleik inneber også at domstolen sine dommarar og funksjonærar har lokalkunnskap og forståing av dagleglivet i rettskrinsen. Også bustyrarane og medhjelparane må ha praktisk lokalkunnskap, til geografi, kultur, og næringsliv i Hardanger.

Eigarskap. Folk må kjenna eigarskap til domstolen. Den skal vera «vår» og ikkje noko som langt borte, i ein annan region.

Legitimitet. Ein «fjern» domstol vil raskt mista legitimitet.

Tillit. Det vil sei at brukarane må oppfatta at domstolen forstår livet og kvardagen deira.

Tilgjengelegheit. Då snakkar me om meir enn kontorstader og opningstider, men også om å vera tilgjengeleg på dei nye arenaene folk søker informasjon, som til dømes på internett. Det inneber å ha god informasjon på web, med lokalt tilpassa innhald, skrive av lokalkjende.

Domstolen skal også vera framoverlent, tilpassingsdyktig og fleksibel. Me er alle opptekne av at domstolane må tilpassa seg tida og utviklinga. Men dei må også vera tilpassa dei ulike lokale forholda i landet vårt.

Distriktsdomstol

Skal innbyggjarane i Hardanger ha ein domstol dei oppfattar som «sin», samstundes med at embetet får fleire ressursar tilgjengelege, ser me det som ei god løysing å inngå i ei større eining i lag med ein annan domstol. Då er forutsetnaden at kjernefunksjonar vert oppretthaldne lokalt.


Med tanke på forventningane til innbyggjarane i vår rettskrins kjem me ikkje utanom nokre «minimumskrav» for Hardanger sin del: Me må kunne setja rett fleire stader i regionen, både i Odda og i Norheimsund. Det må oppretthaldast eit avdelingskontor i regionen med funksjonærar og dommarar til å gjera teneste lokalt. Nokon må ha administrativt ansvar. Hovudkontor, embetsleiar, administrasjonssjef og andre leiarfunksjonar er me innstilte på at vil verta lagt utanfor Hardanger. Akkurat desse funksjonane vil heller ikkje publikum merka, om vert lagt utanfor regionen. Til gjengjeld er me innstilte på å ta på oss nye oppgåver, og avlasta der det er behov.

Sunnhordland tingrett peikar seg ut som eit embete Hardanger tingrett kan gå ilag og oppretta ein domstol med. Denne regionen grensar til Hardanger. I Sunnhordland bur 59.167 menneske fordelt på eit samla areal på 2.860 km². Det utgjer 11,6% av innbyggjarane og 18,5 % av arealet i Hordaland. 50% av arealet i Sunnhordland ligg 300 meter over havet.

Rettskrinsen Sunnhordland tingrett er seks av dei sju kommunane i Sunnhordland. Det er ein relativt liten domstol, men mykje større enn vår. Likevel er det likskapar i geografi, busetnad og kultur som gjer at etablering av eit nytt embete med desse to som utgangspunkt ikkje skulle by på store

praktiske utfordringar. Etter vårt syn er desse to saman store nok til å vera ein domstol etter framtida sine krav.

Tingrett	Dommarar	Funksjonærar	Innbyggjarar i rettskrinsen	Tal kommunar i rettskrinsen
Hardanger	2	3	23.000	7
Sunnhordland	4	6	56.000	6
sum	6	9	79.000	13



Reiseavstandar med bil *)	Bergen	Haugesund	Leirvik
Norheimsund	1 time 15 min	3 timar 30 min	2 timar 30 min
Odda	2 timar 45 min	2 timar 15 min	2 timar 30 min
Lofthus	2 timar 30 min	2 timar 45 min	3 timar

*) ferje på fleire av strekningane. Tid ved optimale køyreforhold.

Då kan me få ein distriktsdomstol med eit hovudsete og eit avdelingskontor samt fleire rettssalar. Det er ikkje noko i vegen for at jordskifterettane (Indre Hordaland jordskifterett på Voss og Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett) også vert del av denne distriktsdomstolen. Det kan vera fleire lokalavdelingar, og ein vil til dømes også kunna etablere ein rettssal på Voss, noko innbyggjarane på Voss saknar.

Oppsummering

Spreidd busetnad og store utkantsområde er noko som kjenneteiknar landet vårt, slik det nettopp pregar Hardanger. Innbyggjarane vil gjerne behalde ein tingrett dei kjenner seg att i. Aktørane i området er nógde med ein liten domstol det er enkelt å samarbeide med. Det er også fagleg sterke argument for større embete. Ved å slå saman embete i større einingar, men oppretthalda funksjonar lokalt, kan ein både vera nært folk og utnytta ressursane meir effektivt. Distriktsdomstolmodellen vil fungera for Hardanger, slik den til dømes har gjort for Sogn og Fjordane. Samanslåing med Sunnhordland tingrett ser ut til å gje best utgangspunkt for at dette skal fungera i praksis.

Med helsingar,

Klaus Skjeldal
Sorenskrivar

Sindre Kleive
Dommarfullmektig

Signy Stana
Rådgjevar

Ann Helen Opedal
Førstekonsulent

Hilde Opedal,
Førstekonsulent

Lofthus 10.12.2018

ADVOKAT

Anne-Sofie Lutro AS

Ordførarane i Odda, Ullensvang, Jondal, Eidfjord, Ulvik, Kvam og Granvin

ENDRINGAR I DOMSTOLSSTRUKTUREN, HARDANGER TINGRETTS FRAMTID

Som advokatar innan Hardanger tingretts sokn har vi med interesse fulgt debatten omkring ei eventuell endring i domstolsstrukturen og vi innser at Hardanger tingrett med sine totalt 5 tilsette vil stå på lista over dei domstolane i landet som ein truleg vil fjerne frå kartet etter at kommisjonen har sagt sitt.

Argumentasjonen som vil bli brukt er at Hardanger tingrett er for liten og for lite robust og på den bakgrunn ikkje har livets rett.

Det er mykje godt å sei om ein liten tingrett som Hardanger, men sjølv om vi som brukarar er svært nøgde med det arbeidet og den oppfølging Hardanger tingrett gjer i den enkelte sak, så vil ikkje det slå gjennom. Trenden er klar, ein vil frå politisk hald ha større einingar.

Dei «idealmål» domstolsadminstrasjonen tildegare har sett seg kan ein ikkje oppnå for Hardanger tingrett, nesten uavhengig av kor vidt ein strekker soknet

Men det finst alternativ og det er desse alternativa vi ber dykk som politikarar gjere forsøk på å einast om. Debatten har så langt vore prega av at kvar og ein trekker til seg, men her må ein finne ei felles løysing som samtlege ordførarar i Indre Hordaland kan samlast om og så i sum sikrar ein domstol i Indre Hordaland. Viss ein no ikkje klarer det er det vårt syn at vi etter 2019 ikkje lenger har ein den dømande makt representert i Indre Hordaland.

Kva alternativ vil gagne distriktet?

Det har tidlegare blitt gjort forsøk på å «innlemme» Voss og Kvinnherad i Hardanger tingrett. Dette hadde medført at talet innbyggjarar i soknet hadde auka frå ikring 20.000 til 37.000. Dette løysinga har ikkje Voss kommune vist noko interesse for eller vilje til å sjå nærmare på, og på den bakgrunn er me av den oppfatning at denne ikkje lenger er aktuelt. Kommisjonen vil neppe velje ei løysing som vil innebere tvangsflytting av Voss ut av Bergen tingrett.

Det vi derimot oppfattar som høgaktuelt er å sjå sørover, til Kvinnherad og Sunnhordland. Sunnhordland tingrett står truleg, på same måte som Hardanger, i fare for å bli fjerna frå kartet. Vegen er kort frå Leirvik på

Advokat Anne-Sofie Lutro (H)
(H) Advokat med møterett for Høgsterett

Mobil: 99 45 60 20

Besøksadresse:
Uttrågata 38
5700 Voss

E-post: anne-sofie@advokatlutro.no
Web: AdvokatLutro.no
Org.nr: 916 672 969

Postadresse:
Postboks 24
5701 Voss

Besøksadresse:
Lutro
5781 Lofthus

Stord kor Sunnhordland tingrett held til, til Haugesund kor Haugalandet tingrett er lokalisert og det vil ikkje frå politisk hald bli oppfatta som ei stor omvelting for storkommunane Stord og Haugesund. Den kommunen som derimot vil merke denne endringa mest er kanskje særleg Kvinnherad, som er den kommunen som blir liggande lengst frå Haugalandet tingrett.

Hardanger (23000) og Sunnhordland (59000) er begge «små» tingrettar på landsbasis, men til saman har dei to tingrettane ei samla befolkning på ikring 82.000. Dette hadde gitt grunnlag for 5-6 dommarstillingar og 8-10 sakshandsamarstillingar.

Det er opplagt veldig store avstandar innad i ein slik tingrett, men det finst eksempel på at ei slik ordning vil kunne fungere godt. Vi viser då spesielt til den såkalla Sognemodellen. Sognemodellen vart etablert 1 juli 2017. Innan rettskretsen er det 108 000 innbyggjarar. Hovudsete er i Førde, men med faste rettssalar på Nordfjordeid og i Sogndal. På Nordfjordeid sit ein sakshandsamar som ein deler med jordskifteretten og rett blir sett her. I Sogndal har ein tingrettsdommar og ein dommarfullmektig fast sete saman med 2 sakshandsamarar, men samtlege er under administrasjon av sorenskrivar som har hovudsete i Førde.

Slik ein oppfattar det har Sognemodellen fungert svært bra. Samtidig som denne modellen sikrar eit godt fagleg miljø ved å etablere ein viss størrelse på tingretten, sikrar ein likevel nærleik til domstolen sjølv i eit fylke kor busetnaden er samanliknbar med situasjonen for Hardanger og delar av Sunnhordland.

Slik vi ser det ville Stord og Leirvik utgjort eit naturleg hovudsete for ein eventuell Hardanger og Sunnhordland tingrett, men ein ser føre seg at det vil vere naturleg at blir oppretthalde ei avdeling i Hardanger som kan serve Hardangerkommunane og nordlege delar av Kvinnherad. Tingretten måtte fungert ambulerande slik han alltid har gjort ved å setje rett på Lofthus, i Odda og i Kvam, eventuelt også i Kvinnherad.

Dei to tingrettane har vidare mykje til felles som ein oppfattar ville lette eit framtidig samarbeid. Kommunane i dei to sokna har mange fellestrekk. Dei utgjer i alle hovudsak små og mellomstore kommunar og mykje av dei same utfordringane viser seg i begge distrikt. Det vil truleg også bli enklare å i praksis etablere eit godt samarbeid internt for tingrettar som i utgangspunktet er nokolunde like. Annleis og meir utfordrande blir det truleg å innlemme Hardanger i t.d Bergen tingrett. Her vil Hardanger uansett kun bli ei ubetydeleg utpost og presse på fjerne ei eventuell avdeling i Hardanger vil på sikt bli vesentleg større med ei slik løysing. Bergen tingrett har ikkje tradisjon for å drive ambulerande og det er vanskeleg å sjå for seg at det vil endre seg. Haldninga i Bergen tingrett er at Hardanger er for liten til å kunne eksistere. Dette kjem direkte til uttrykk i samtale med sentrale personar i Bergen tingrett og difor ser vi ikkje dette som eit godt alternativ.

Lokalisering av tingretten handlar ikkje kun om arbeidsplassar eller om å sikre offentlege tenester lokalt. Lokaliseringar har stor samfunnsøkonomisk betydning, men dette er eit element som synes å bli oversett i debatten. For oss som arbeider for og med tingretten blir dette elementet svært synleg.

Dette kan enkelt eksemplifiserast gjennom straffesakene. Slik situasjonen er i dag vert desse gjennomført i Odda, Lofthus eller i Norheimsund, avhengig av tiltalte sin bupel og gjerningsstad. I nesten alle straffesaker er det kalla inn ein eller fleire politivitne. Det er vanskeleg å setja opp ein heilt presis timeplan for innkalling av vitna. Ein må difor pårekna ein del ventetid. For politivitne løyser ein det i dag med at de kan møte på tilsigelse og på kort tid stilla når retten er klar for å ta i mot vitneprovet. Dette gir ei smidig avvikling som ikkje stel unødvendig av politiet sine ressursar. Dersom alle straffesaker skal avviklast i Bergen vil alle oppmøte i retten, pga. reisetida, medføre at det går med minst ein heil arbeidsdag. Dette sjølv om det gjerne berre dreier seg om ein halvtimes oppmøte i retten til sjølve forklaringa. Politiressursane i distriktet er frå før pressa. Ein situasjon kor fleire tenestemenn er på reis til ein kvar tid, vil gje ytterlegare utfordringar både med etterforskning og beredskap og verka utarmende på politikrafta i distriktet. I tillegg vil det ha store negative økonomiske omkostningar.

Sjølv om det einskilde sivile vitne møter sjeldnare i retten enn politivitna, talar og omsynet til dei sivile vitna i straffesakene for at ein bør finna fram til ein desentralisert domstolsmodell, med minst mogeleg reisebelastning. Slik ein ser det vil ein desentralisert domstolsmodell klart gje den mest smidige, effektive og robuste straffesaksavviklinga for alle involverte i denne regionen.

En annen viktig oppgave for lokale tingretter er konkurssaker. Dette er en sakstype som alltid starter med registreringsforretning og informasjonsmøte med bistand til tilsette. Bustyrer har vidare løpende ansvar for buets aktiva og oppfølging av dei tilsette for å bistå disse med lønnskrav ovenfor NAV Lønnsgaranti. Med ei sentralisering til Bergen er det all grunn til å tru at Bergen tingrett vil oppnevne sine faste bustyrarar i Bergen.

Med dette vil ein også miste den lokalkunnskap som lokale advokatar har og som er nødvendig for å gjøre en riktig og god jobb. Det vil truleg også medføre at ein del av dei lokale advokatane som har verksemda si lokalt, ikkje vil finne det tilfredstillande å drive i distriktet lenger i mangel på denne type oppgåver. Det vil i sin tur medføre at tilbodet lokal vert dårlegare.

Tvangssaker står i mykje den same stilling som konkurssaker. Nærleik til lokalmiljøet og kunnskap om den lokale eigedomsmarknaden er spesielt viktig i tvangssal av fast eigedom, kor skuldaren allereie er i ein svært vanskeleg situasjon ofte både økonomisk og personleg. Tvangssal strekkjer seg ofte ut i tid, med fleire synfaringar med interessantar. Her er eigar meir avhengig enn elles av å oppnå ein god pris, og det er lite truleg at ein advokat frå Bergen vil syne fram eigedomen for interessantar meir enn ein gong når reisetida ikkje blir dekkja av det offentlege.

Vårt samla syn

Det som her er gitt uttrykk for er eit samla syn vi som driv i advokatbransjen i Hardanger har. Saka har vore grundig diskutert og dette brevet er lest og akseptert av samtlege og vi ber derfor instendig om at det frå politisk hald vert teke stilling til om dette er ei løysing vi i fellesskap skal fremje for kommisjonen som det aktuelle alternativet for Indre Hordaland om ein ikkje lenger kan behalde dagens struktur. Synet er likt, uavhengig av kvar i distriktet vi sit. Sjølv med lokalisering i Kvam ser ein fordelane med denne løysinga framføre eit Bergensalternativ.

Sjølv om det ikkje er av avgjerande betydning vil vi nemne at Advokatfirmaet Borgen AS, som har hovudsete på Stord, har eit avdelingskontor i Norheimsund og Advokatfirmaet Responsa AS, som også har hovudsete på Stord nyleg har fusjonert med Advokat Anne-Sofie Lutro AS som har sete i Hardanger og på Voss. Dette illustrerer på beste måte at vi i bransjen ser oss betre tent med samarbeidspartnarar som held til i miljø som er samanliknbar med vårt eige og det meiner vi å ha i Sunnhordlandsregionen i større grad enn i Bergensregionen.

Me håpar de som politikarar vil ta dette med dykk til kommisjonen. Dette er viktig for oss alle, men vi må dra i same retning.

Med venleg helsing

Anne-Sofie Lutro
Advokat (H)

Sturla Nødtvedt
Advokat

Åse Berit Børve
Advokat

Thomas Nondal
Advokat

Johannes Romstad
Advokat

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 1 februar 2019 kl. 09.30
Salt Ship Design, Sunnhordlandskaien 1

Sak 05/19
GJG/rr

Sunnhordland tingrett

Arbeidsgruppa som har arbeid med framtidig organisering av Sunnhordland tingrett har sidan sist møte i Samarbeidsrådet vore i møte med Hardangerrådet der framtidig organisering av tingrettane var tema.

Arbeidsgruppa har tidlegare vore i møte med representantar frå Domstoladministrasjonen. I dette møte kom det tydelege innspel på at Samarbeidsrådet bør sjå på alternative løysingar for å kunna sikra tingretten i Sunnhordland. Det er kutyme at det no skal vurderast ei felles leiing kvar gong ein domstolleiar går av, slik det no vert ved Sunnhordland Tingrett. Det kom og tydeleg fram at det vil koma ei endring mot færre tingrettar.

Samarbeidsrådet har tidlegare gjort vedtak om at rådet skal arbeida for ei samanslåing av Haugaland og Sunnhordland jordskifterett og Sunnhordland tingrett. Samarbeidsrådet må no gjera ei vurdering på om rådet bør endra strategi.

Bakgrunn for dette er eit initiativ frå Hardangerrådet.


Hardangerrådet har hatt eit møte med Domstolkommisjonen. Ut i frå drøftingar i dette møte kan det sjå ut som ei samanslåing av Hardanger tingrett på Lofthus og Sunnhordland tingrett. Ei slik samanslåing vil gje hovudadministrasjon på Stord, og lokalkontor på Lofthus. Både Domstol administrasjonen og Domstol kommisjonen seier at dei vil lytta til lokale initiativ, og dette kan vera ei god løysing, og

Hardangerrådet har fått lokale advokatar i tingretten til å samla seg om ein uttale. I Sunnhordland ser sorenskrivaren dette som ei framtidig løysing, og er i dialog med dei tilsette om dette alternativet.

Hardangerrådet skal gjera vedtak om denne løysinga i byrjinga av februar, og dersom Samarbeidsrådet også gjer eit positivt vedtak, er det lagt opp til at det vert laga eit felles dokument med argumentasjon for denne løysinga. Det skal og utarbeidast ein enkel strategi for korleis ein tek saka vidare fram mot politisk vedtak i Stortinget.

Framlegg til vedtak

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner ei samanslåing av Hardanger tingrett og Sunnhordland tingrett kan vera ei framtidsretta løysing.
2. Samarbeidsrådet for Sunnhordland vil saman med Hardangerrådet arbeida for at ein ved ei eventuell samanslåing av tingrettane legg hovudadministrasjon på Stord og lokalkontoret på Lofthus.



Møtedato 07.02.2019

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

**HR-sak 04/19 Nedlegging av trafikkstasjonar i Hardanger?
Uttale frå Hardangerrådet.**

Saksvedlegg:

- Vedlegg 1: Statens vegvesen: Fra regioner til divisjoner.
Utredning om organisering av Statens vegvesen fra 1. januar 2020
- Vedlegg 2: Capgemini: Områdegjennomgang av Statens vegvesen Del 2b
- Vedlegg 3: Info frå Samferdselsdepartementet

Saksutgreiing:

Statens vegvesen har på oppdrag frå Samferdselsdepartementet levert utgreiing om framtidig organisering. Denne utgreiinga tilrår ei endring frå dagens regionstruktur til ein divisjonsstruktur.

Bakgrunnen for gjennomgangen og rapporten er den vedtekne endringa vedr. administrasjon av fylkesvegane som skal overførast frå Statens vegvesen til fylkeskommunane.

Statens vegvesen skal innan 10. mai levera eigen rapport om trafikant- og køyretøytenester. Denne rapporten omfattar m.a. førarkorttenester og registrering og kontroll av køyretøy.

I den framlagde rapporten frå Capgemini, "Områdegjennomgang av Statens vegvesen Del 2b" er område Hordaland omtala slik:

Område - Hordaland

I forslaget til ny tjenestestruktur vurderes det som fordelaktig å legge ned tilbudet i Norheimsund. Videre foreslås det å gjøre tjenestestedene i Odda, Stord og Voss til servicekontorer. Tjenestestedene i Bergen kan med fordel opprettholdes som i dagens tjenestestruktur. Inndelingen i et servicekontor for trafikanttjenester samlokalisert med vegkontoret i sentrum og en sambruksstasjon for kjøretøytjenester i Åsane er i tråd med slik fremtidig tjenesteleveranse er tiltenkt, og modellen har fungert godt i Bergen. Den nye tjenestestrukturen som er skissert i Hordaland innebærer at teoretiske førerprøver og praktiske førerprøver for lette førerkortklasser vil tilbys ved samtlige lokasjoner. Servicekontoret i Odda vurderes samlokalisert med offentlige virksomheter som f.eks. kommunen. Dermed kan avhending vurderes for trafikkstasjonen som Statens vegvesen eier i Odda. Ved avhending av bygget i Odda må det i så fall tas hensyn til de henholdsvis 18 ansatte fra andre funksjoner i Statens vegvesen som er samlokalisert her. Det bør vurderes mulige nye kontorsteder for disse. Trafikkstasjonen på Voss eies av Statens vegvesen, og 34 ansatte fra andre funksjoner i etaten er samlokalisert her. Omgjøring fra trafikkstasjon til servicekontor på Voss reduserer arealbehovet, men det kan være utfordrende å flytte til en ny lokasjon og muligheten for å leie ut ledig areal i kontrollhallen bør vurderes.

Ei nedlegging av tilbodet i Kvam og endring av dagens trafikkstasjonar i Odda og på Voss til servicekontor vil vera svært negativt for vår region og det vil vera viktig å gje innspel om dette til Statens vegvesen som no arbeider med sin eigen rapport om saka.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet sender uttale til Statens vegvesen vedr. forslaga i rapporten frå Capgemini. Rådsordførar, ordførar i Kvam, ordførar i Odda og dagleg leiar får fullmakt til å utforma uttalen.



Regjeringen.no

Samferdselsdepartementet har mottatt utredning om ny organisering av Statens vegvesen

Nyhet | Dato: 15.01.2019 | [Samferdselsdepartementet](#)

(<http://www.regjeringen.no/no/dep/sd/id791/>)

Samferdselssektoren har gjennomgått en rekke reformer de siste årene, og omfattende prosesser som berører Statens vegvesen, er i gang. I dag har Statens vegvesen levert en utredning om fremtidig organisering. Etaten anbefaler å gå fra dagens regionstruktur til en divisjonsstruktur.

Finansdepartementet og Samferdselsdepartementet har gjennomført en områdegjennomgang av Statens vegvesen som viser et betydelig effektiviseringspotensial, og at det er nødvendig med omfattende tiltak for å kunne ta ut dette potensialet. Samtidig vil regionreformen, der administrasjonen av fylkesveiene skal overføres fra Statens vegvesen til fylkene, innebære en betydelig reduksjon av ansatte i etaten. Samlet har dette gjort det nødvendig å gjennomgå hele organiseringen av Statens vegvesen.

Fra regionstruktur til divisjonsstruktur

Samferdselsdepartementet ga høsten 2018 Statens vegvesen i oppdrag å utrede både ny organisering samt enkelte temaer knyttet til etatens trafikant- og kjøretøytjenester. I utredningen som ble overlevert Samferdselsdepartementet i dag, foreslår Statens vegvesen å gå fra en regionbasert til en funksjonsbasert organisering gjennom divisjoner.

Egen rapport om trafikant- og kjøretøytjenester

I tillegg skal Statens vegvesen levere en rapport om trafikant- og kjøretøytjenester senest 10. mai i år. Dette omfatter blant annet førerkorttjenester og registrering og kontroll av kjøretøy. I denne rapporten skal det også vurderes om det er oppgaver knyttet til trafikant- og kjøretøyområdet som helt eller delvis kan utføres av private aktører.

Fortsatt behov for lokal tilstedeværelse

Statens vegvesen vil i neste fase av arbeidet utrede spørsmålet om lokalisering av enheter. Det vil fortsatt være behov for lokal tilstedeværelse rundt i landet for at Statens vegvesen skal kunne utføre sine oppgaver. Statens vegvesen viser til at også en divisjonsmodell fullt ut vil ivareta dette. Retningslinjer for lokalisering av statlige arbeidsplasser og tjenesteproduksjon vil ligge til grunn for lokaliseringsspørsmålet.

Videre framdrift

Samferdselsdepartementet vil nå vurdere rapporten fra Statens vegvesen om organisering. Spørsmål om lokalisering vil vurderes i sammenheng med rapporten for trafikant- og kjøretøyområdet som er klar senest 10. mai i år.

For flere opplysninger – se:

- Rapport av 15. januar 2019 fra Statens vegvesen: [Fra regioner til divisjoner. Utredning om organisering av Statens vegvesen fra 1. januar 2020](http://www.regjeringen.no/contentassets/1261dc5246e044da9769a1203b227a07/rapport_framtidas_sv_v.pdf)
(http://www.regjeringen.no/contentassets/1261dc5246e044da9769a1203b227a07/rapport_framtidas_sv_v.pdf) (pdf)
- Nyhet av 19. desember 2018 fra Samferdselsdepartementet: [Områdegjennomgang av Statens vegvesen](http://www.regjeringen.no/no/aktuelt/omradegjennomgang-av-statens-vegvesen/id2622977/)
(<http://www.regjeringen.no/no/aktuelt/omradegjennomgang-av-statens-vegvesen/id2622977/>)

Samferdselsdepartementet

TEMA

Transport og kommunikasjon

Vei

[^ Til toppen](#)


Regjeringen.no

Ansvarlig for [Samferdselsdepartementets sider](#):Ansvarlig redaktør: [Susanne Stephansen](#)Nettredaktør: [Tor Midtbø](#)

Tlf: 22 24 90 90

E-post: postmottak@sd.dep.noAnsatte i SD: [Depkatalog](#)[Personvernerklæring for SD](#)

Organisasjonsnummer: 972 417 904



Møtedato 07.02.2019

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

HR-sak 05/19 Mogeleg samarbeid i "Indre Vestland"?
Oppfølging av innspel/tankar frå møte på Voss 9.01.2019

Saksvedlegg:

Vedlegg 1: Referat frå møtet 09.01.2019 på Voss

Vedlegg 2: Utfordringsnotat "Hardanger og Sogn"

Vedlegg 3: Notat om samarbeid i Indre Vestland

Saksutgreiing:

Sogn regionråd sende før jul forrige år ein invitasjon til Hardangerrådet, Vaksdal kommune og Voss kommune til eit dialogmøte vedr. mogeleg samarbeid mellom regionane etter opprettinga av Vestland fylke frå 2020.

I utgangspunktet skulle dette møtet vera eit møte der regionråda møtte med rådsordførar og dagleg leiar og Vaksdal og Voss møtte med ordførar. Tett innpå møtedagen, 09.01. vart deltakinga utvida med fleire deltakarar som vist i møtereferatet.

I møtet drøfta ein mogeleg emne som kan vera aktuelle for samarbeid mellom regionane. Tema som kan vera aktuelle for samarbeid er reiseliv, landbruk, naturbasert friluftsliv, kraftproduksjon, miljø og kultur.

Det er ikkje drøfta strukturelle endringar, som t.d. samanslåing eller oppretting av nye regionråd. Samarbeidsformer er tenkt som praktiske samarbeid basert på dei eksisterande regionrådstrukturane.

Hardangerrådet vert oppmoda om å drøfta om det er grunnlag for eit framtidig samarbeid i Indre Vestland og kva form og tema eit slikt samarbeid skal byggjast på.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet vel eiga arbeidsgruppe som arbeider vidare med samarbeid i Indre Vestland. er valde som medlemmer av denne arbeidsgruppa.

Møte om felles interesser

Hardangerrådet, Vaksdal kommune, Voss kommune og Sogn regionråd

Deltakarar:

Hardangerrådet:

Hans Petter Thorbjørnsen, rådsordfører, ordfører Ulvik herad

Jostein Ljones, ordfører Kvam herad

Jostein Eitrheim, dagleg leiar

Vaksdal kommune: Eirik Haga, ordfører

Voss herad:

Hans-Erik Ringkjøb, ordfører Voss kommune

Ingebjørg Winjum, ordfører Granvin kommune

Sogn regionråd:

Jan Geir Solheim, rådsleiar, ordfører Lærdal kommune

Ivar Kvalen, ordfører Luster kommune

Jarle Aarvoll, ordfører Sogndal kommune

Olav Turvoll, ordfører Vik kommune


Karina Nerland, dagleg leiar (referent)

Stad: Voss rådhus

Tidspunkt: 9. januar 2019 kl 10-14

1. Utveksling av status og kunnskap om kommunane og regionane. Utfordringsnotat – Hardanger og Sogn møter det nye fylket var utsendt til møtet.
Innleiing ved leiar i Sogn regionråd, jf vedlagde presentasjon
 - Dei to regionane (Hardanger+ og Sogn) er like på mange område innan næringsstruktur, befolkningsutvikling, kultur og natur.
 - Samla er det 74 000 innbyggjarar i dei to regionane.
 - Landbruk, industri, reiseliv og vasskraft står sterkt.
 - Vi har unike kvalitetar og mange likskapstrekk som vi kan byggje på i eit samarbeid.
 - Økosystemtenester: Næringslivet er i stor grad tufta på naturbaserte fortrinn. Det ligg store moglegheiter innanfor natur, helse og aktivitet.
Kommentarar og innspel
 - Erfaringar er at regionane rekrutterer godt til statlege arbeidsplassar
 - Byggje opp om region- og kommunesenter for å motverke sentralisering
2. Drøfting av utfordringar og moglege samarbeids- og konfliktområde
 - Utfordring er folketalutvikling, regionane treng arbeidsplassar
 - Det skjer ei sentralisering av statlege arbeidsplassar, og er utan politisk påverknad
 - Samferdsle
 - Stort overskot av vasskraft
 - Koble reiselivet i Hardanger og Sogn? Få fleire heilårsarbeidsplassar. Turistar som blir lengre. Infrastruktur må fungere.

3. Kva område er aktuelle å samarbeide om?
 - Viktig å bli kjende med kvarandre. Avgjerande for å lukkast er vilje til samarbeid og tillit.
 - Dette kan vera starten på noko nytt. Indre Vestland kan vera ei kraft, kvar for oss er vi ikkje det. Samla kan vi bety noko både regionalt og nasjonalt. Vi kan ta ein posisjon og ha ei tydeleg stemme når nye Vestland blir etablert.
 - Føremon om indre Vestland tidleg blir einige i det nye fylket. Det kviler på ordførarane å bruke det moglegheitsrommet. Vi har mykje felles, og bør velje dei områda vi kan samarbeide om, og la andre liggje.
 - Det vil vera lettare å få midlar frå fylkeskommunen om større einingar /region går ilag om prosjekt
 - Felles samarbeidsområde som vart trekt fram i møtet: reiseliv, kraftpolitikken, reiseliv, næring, utdanning, naturbasert friluftsliv.
4. Aktuelle møteplassar og prosessar
 - Nye Vestland fylkeskommune inviterer til dialogmøte om planstrategien – drøfting av felles innspel:
 - 1-2 innlegg frå kommunane: Ta med moment frå drøftingane i dag til dialogmøte. Ordførarane Jarle Aarvoll, Hans Erik Ringkjøb og Jostein Ljones. Forslag til presentasjon går til alle.
 - Næringslivsaktør: Ståle Brandshaug, Visit Sognefjord AS
 - Lag og organisasjonar: Det kom fleire innspel. Hardangerrådet avtaler med ein organisasjon.
 - Nye Vestland fylkeskommune vil bli invitert til eit møte med Hardangerrådet, Voss, Vaksdal og Sogn regionråd, gjerne rett etter dialogmøte.
 - Ordførarane bruker tida framover til forankring og drøfting (politisk, næringsapparat, næringsliv) for å sjå på vegen vidare og kva samarbeidet kan handla om. Skape entusiasme og få fram at vi kan vera ei kraft, vi kan ta ein posisjon. Nytt fylke opnar nye moglegheiter. Indre Vestland har mange kvalitetar.
 - Innspel til det vidare arbeidet: Bør det utarbeidast ein identitetsanalyse? Vil gje eit betre grunnlag for å vurdere vidare samarbeid. Er det aktuelt med eit strategiseminar?
 - Det bør lagast eit notat med kjernepunkta: Korleis kan vi utvikla Indre Vestland til ei kraft? Kva kan vi samarbeide om?
 - Det går ut pressemelding etter møtet.
5. Moglegheiter for regionråda i eit nytt Vestland
 - Rolla og grensene til regionråda i nye Vestland blir tema 15. februar. Kva for utfordringar og moglegheiter ser regionråda?
6. Ymse




Hardanger & Sogn

Møter det nye fylket



Sogn og Hardanger+




Hovudtrekka i samanslåinga


- Den er frivillig
- Nynorsk blir administrasjonsspråk
 - og statleg tenestespråk
- Bergen vert administrasjonssenter
- Sogn- og Fjordane
 - får nytte inntil kr 1.5 mrd. i eit eige fond i det «gamle» fylket
- Funksjonane vert fordelt slik:
 - SFj – Kultur
 - H & SFj. – Næring
 - H – Opplæring og idrett
 - SFj – Veg
 - H – Kollektiv
- Fylkesmannsleiinga vert lagt til Leikanger



Vestland fylkeskommune



Borgarleg fleirtal?




Satsingsområde


	Opningar	Utfordringar
Samfunnsutviklar	<p>Samordning med regional stat vert monaleg styrka</p> <p>Opning for statleg oppgåveoverføring aukar</p> <p>Forsterka regional næringsutvikling</p> <p>Meir heilskapleg regional planlegging</p>	<p>Samordning av regionale og kommunale planar</p> <p>Mobilisering av privat og frivillig sektor</p>
Demokratisk arena	<p>Styrka folkevald kontroll over regional stat</p> <p>Auka politisk engasjement</p> <p>Utvikle territorialt fellesskap</p>	<p>Indre interessemotsetningar</p> <p>Opplevd relativ innflytelse</p>
Tenesteprodusent	<p>Stordriftsføremoner, regional samordning</p> <p>Auka kvalitet og kompetanse</p> <p>Regional best praksis</p>	<p>Omstillingsevne for å oppnå stordriftsføremoner</p> <p>Sentralisering</p>




Vekst og stagnasjon




Forgubbing



Fråflytting



Næringsstruktur




Økosystemtenester


- **Forsyningstenester**
 - som omfattar produkt vi får frå økosystem, som for eksempel mat, vatn og brensel;
- **Reguleringstenester**
 - som er naturlege reguleringar av prosesser som for eksempel vassreinsing, luftreinsing, flaum og erosjonsbeskyttelse.;
- **Kulturelle tenester**
 - omfattar ikkje-materielle godar som estetiske og spirituelle opplevingar, rekreasjon og helse, og
- **Støttande tenester**
 - som er grunnleggande funksjoner i økosystem jorddanning, resirkulering av næringsstoff og primærproduksjon



Kommunevis



Sårbarheit




Pendling

Pendling	Sysselsette	Pendlar %
Hardanger+	21 101	20 %
Sogn	16 152	8 %



Statlege arbeidsplassar




Netto driftsresultat

	2015	2016	2017
Jondal	1.2	3.6	2.2
Odda	6.2	3.1	6.0
Ullensvang	1.4	4.3	9.7
Ulvik	3.1	-1.9	-0.2
Eidfjord	10.7	6.8	5.5
Granvin	2.9	6.1	2.8
Voss	3.7	2.9	3.9
Kvam	-3.0	2.2	2.4
Vaksdal	2.5	4.6	5.8
Høyanger	3.4	2.2	1.7
Vik	21.2	1.7	-1.0
Balestrand	1.6	0.0	15.3
Leikanger	-3.0	2.6	7.1
Sogndal	5.5	8.0	6.3
Aurland	21.1	5.8	6.7
Lærdal	0.0	2.4	-0.1
Årdal	3.4	2.2	3.6
Luster	1.5	4.1	4.8



Lån



Samferdsle

- **Rassikring**
- **Aust-Vestsambandet**
 - **E134, rv. 7, rv. 52 og E16**
- **Rv. 13**
 - **Vikafjellstunnelen**
- **Hordalandsdiagonalen**
- **E 16 og Vossabanen**
 - **Arna – Stanghelle**
- **Bru over Sognefjorden**



	<u>Positivt</u> For å nå måla	<u>Negativt</u> Verkar mot måla
<u>Internt</u>	<u>Styrke</u> Vasskraft Reiseliv Natur – rein luft, jord og vatn Vilje til samarbeid Sterke tradisjonar	<u>Veikskap</u> Fråflytting Forgubbing Ulik kommunestorleik Tradisjonell næringsstruktur Krevjande kommunikasjonar
<u>Eksternt</u>	<u>Opningar</u> Økosystemtenester – kombinasjonen reiseliv - landbruk	<u>Truslar</u> Sterkare regionsenterdominans Sentralisering Usemjje i viktige saker t.d. innan samferdsle



Arenaer og møteplassar?

Rollar

- Oppgave- og verkemiddelforvaltar
- Samarbeid om regionale utviklingsoppgåver
- Auka påverknadskraft og betre samarbeidsrelasjonar

Område

- Regional næringsutvikling
- Meir heilskapleg regional planlegging
- Samordning av planar
- Betre samordning med regional stat
- Opning for oppgaveoverføring
- Overføring av verkemiddel



Notat

Til kommunane Voss og Vaksdal, Hardangerrådet og Sogn regionråd

Frå Karina Nerland, dagleg leiar i Sogn regionråd og Jostein Eitrheim, dagleg leiar i Hardangerrådet

Korleis utvikla Indre Vestland til ei kraft? Kva kan vi samarbeide om?

Hardangerrådet, Sogn regionråd og kommunane Vaksdal og Voss møttest 9. januar 2019 for å snakka om moglegheiter for tettare samarbeid når fylkesgrensa forsvinn. Tema for møtet var å drøfta utfordringar, felles interesser, område med behov og potensial for samarbeid og aktuelle møteplassar og prosessar.

Notatet er tenkt som eit grunnlag for vidare drøftingar i kommunane og regionråda etter det innleiande møtet på Voss. Det vert også vist til utfordringsdokument¹ utarbeidd til møtet.

Nytt fylke opnar for nye samarbeidsrelasjonar og moglegheiter for Hardanger og Sogn. Det skjer endringar i kommunestruktur og statlege oppgåver vert overførde til kommunane og regionane. Oppgåver vert også ført frå regional stat til folkevald nivå.

Nye strukturar gjer at vi blir meir avhengig av sterke kommuneregionar der samarbeid vil spele ei tyngre rolle. Ved å starte drøftingane; finne sterke og svake sider, truslar og opningar, kan kommunane og regionråda vera betre budde til dialogen med nasjonale og regionale styresmakter. Ved å stå samla kan indre Vestland vera ei kraft. Avgjerande for å lukkast er vilje til samarbeid og tillit.

Dei to regionane (Hardanger+ og Sogn)² er like på mange område innan befolkningsutvikling, næringsstruktur, kultur og natur. Det er 74 000 innbyggjarar i dei to regionane.

Næringar som står sterkt i Hardanger og Sogn er landbruk, industri, reiseliv og vasskraft.

Indre Vestland har unike kvalitetar og mange likskapstrekk som vi kan byggja på i eit samarbeid. Det er likskapen som er styrken.

Moglege samarbeidsområde til vidare drøftingar i kommunane:

Reiseliv: Reiselivsnæringa er ein av verdast raskaste veksande næringar. Fleire heilårsarbeidsplassar er viktig for lønsemda. Reiselivet i Hardanger og Sogn kan koplast sterkare saman.

Landbruk: Landbruksnæringa står sterkt i begge regionane. Innan frukt og bær har det vore vekst i produksjon og vidareforedling. Her ligg potensial for tettare samarbeid i den veksande marknaden for frukt og bær. Lokalmat, saft- og siderproduksjon er i sterkt vekst og vil verta viktige næringar framover.

¹ Utfordringsdokument Hardanger og Sogn møter det nye fylket, 15.12.2018, Vidsyn rådgjeving AS
<http://www.sogn.regionraad.no/getfile.php/4370136.1687.lpzakqbqmjubmz/Hardanger+-+Sogn+-+Utfordringsnotat.pdf>

² I notatet bruker vi nemninga Hardanger+ om Hardangerrådet og kommunane Vaksdal og Voss. Sogn utgjer 9 av 12 kommunane tilslutta Sogn regionråd.

Naturbasert friluftsliv: Næringslivet i Hardanger+ og Sogn er i stor grad tufta på naturbaserte fortrinn. Det ligg store moglegheiter innanfor natur, helse og aktivitet og omstilling i kryssingspunktet mellom reiseliv og landbruk.

Vasskraft: Dei to regionane har stort overskot av vasskraft. Mykje av krafta går til Oslo og resten av Austlandet.

Aktuelle møteplassar og prosessar

Nytt fylke opnar nye moglegheiter. For Indre Vestland kan dette vera starten på noko nytt. Indre Vestland kan ta ein posisjon og ha ei tydeleg stemme når nytt fylke blir etablert.

Ordførarane bruker tida framover til vidare drøftingar i kommunane (politisk, næringsapparat, næringsliv) for å sjå på vegen vidare og kva samarbeidet kan handla om. Bør det utarbeidast ein identitetsanalyse for indre Vestland? Er det ønske om eit strategiseminar?

Fellesnemnda i nye Vestland fylkeskommune inviterer til dialogmøte 6. februar 2019. Føremålet med møta er å få fram kunnskap og innblikk i utfordringar i ulike delar av det nye fylket.

Hardangerrådet, Sogn regionråd og kommunane Vaksdal og Voss inviterer Nye Vestland fylkeskommune til eit møte med etter dialogmøte.

Rolla og grensene til regionråda i nye Vestland blir tema på erfaringsseminaret i Førde 15. februar 2019 der regionråda er inviterte.



Møtedato 07.02.2019

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

HR-sak 06/19 Søknad om støtte til Landsfestivalen 2019

Saksvedlegg:

Vedlegg 1: Søknad om støtte

Vedlegg 2: Budsjett

Vedlegg 3: Landsfestivalen, Organisasjons- og styringsdokument

Vedlegg 4: Svarbrev til Landsfestivalen vedr. støtte frå Hardanger Kulturfond, 2018.

Saksutgreiing:

Landsfestivalen for gamaldansmusikk skal arrangerast i Kinsarvik 7. - 11. august 2019. Dette er fyrste gongen Landsfestivalen er i Hordaland. Då Landsfestivalen vart arrangert i Gaupne i 2016 var det 3.500 besøkjande.

Denne festivalen vil skapa mykje merksemd om Kinsarvik og heile Hardanger.

Då Landsfestivalen vart arrangert i Lom i 2015 fekk arrangøren kr 230.000 i kommunal støtte og kr 70.000 i regional støtte.

Arrangøren søkjer Hardangerrådet om kr 200.000 i støtte fordelt på 100.000 i 2018 og 100.000 i 2019.

Hardanger Kulturråd handsama denne søknaden i tildelinga av midlar gjennom regionale kulturmidlar 2018 og gav tilsagn på kr 80.000. Søkjar er oppmoda om å søkja på nytt om regionale kulturmidlar i 2019.

Det går ikkje fram av søknad eller budsjett om arrangøren har søkt vertskommunen, Ullensvang herad om støtte.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet støttar Landsfestivalen for gamaldansmusikk 2019 med kr 50.000. Løyvinga føreset at arrangøren nyttar Merkevarer Hardanger i all marknadsføring av arrangementet. Løyvinga vert dekkja gjennom frie midlar i kraftlinjefondet.

LANDS FESTIVALEN I GAMMALDANSMUSIKK



2019
7.-11. august
Kinsarvik

Dato: 10. september 2018

Hardangerrådet

Postboks 78,

5782 Kinsarvik

Søknad om tilskot til Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2019, 7.-11. august i Kinsarvik

Den landsomfattande organisasjonen for folkemusikk- og folkedans, FolkOrg, arrangerer kvart år to store landsfestivalar. Den største er Landskappleiken, der tevling i tradisjonell folkemusikk og bygdedans rår grunnen. Sist gong Landskappleiken var i Hardanger, var i Eidfjord i 2004. På den andre festivalen – Landsfestivalen i gammaldansmusikk - vert det òg tevla både i musikk og dans. Eit viktig kjenneteikn er eit yrande folkeliv på fleire dansegolv om kveldane, der folk svingar seg til dei beste gamaldansorkestera i landet..

Landsfestivalen i gammaldansmusikk har aldri vore i Hordaland før. Etter søknad fekk Hardanger spelemannslag tildelt arrangøransvaret for 2019 med Kinsarvik som arrangørstad. Hovudarenaen vert den nye Fjordahallen. Før søknad vart send, hadde representantar for spelemannslaget tett kontakt med Ullensvang herad, overnattingsverksemder og andre delar av næringslivet. I tillegg til Fjordahallen vil både Kinsarvik skule og lokale i heradshuset vera aktuelle å bruka under festivalen.

Det kjem mange tilreisande til Landsfestivalen, både som deltakarar og publikum. I Gaupne i 2016 var besøkstalet 3500 gjester; av dei var 2500 selde billetter til dei ulike tevlingane og konsertane.

Ei hovudnemnd er i full sving med å planleggja arrangementet. I vedlagde styrings- og organisasjonsdokument går det fram at me har med personar frå dei fleste hardangerkommunane i Hovudnemnda. Dokumentet viser også at arrangementet inneber mange oppgåver, der eit stort antal frivillige vil vera avgjerande for å kunna gjennomføra festivalen.

Landsfestivalen for gammaldansmusikk i 2019 vil utan tvil skapa stor blest om Kinsarvik og heile Hardanger. At det er ein heilt ny arrangørstad, skaper stor interesse, skal me tru på tilbakemeldingane. Å setja festivalarrangøren i økonomisk stand til å gjennomføra ei skikkeleg planlegging og gjennomføring vil etter vår vurdering kunna gje positive ringverknader. Både overnattingsverksemder, lokalt næringsliv og ikkje minst lokale matprodusentar vil kunna nytta godt av mange tilreisande som vil koma til festivalen. Ein landsfestival som gjev deltakarar og publikum positive opplevingar, vil kunna ha positiv omdøme-effekt i lang tid etter sjølv festivalen.

Sidan det er fyrste gongen Landsfestivalen er i distriktet, hefter det stor økonomisk uvisse til prosjektet. Det er avgjerande viktig at planlegging er systematisk og gjennomtenkt. Ei stor utfordring

Landsfestivalen 2019

E-post: landsfestivalen2019@gmail.com

Postadresse.: c/o Anne-Marie Øydvin, Øydvevegen 25, 5730 Ulvik

Konto nr.: 3450.37.71200

er å sikra tilstrekkeleg driftskapital i planleggingsfasen. Andre arrangørar har fått det gjennom kommunale tilskot. I Lom i 2015 fekk arrangøren til saman 230 000 kroner i kommunal støtte i tillegg til 70 000 i regional støtte. Arrangøren i 2018 fekk 200 000 kroner av Skjåk kommune.

Difor meiner me det vil vera fornuftig at alle hardangerkommunane gjennom Hardangerrådet støttar Landsfestivalen med 200 000 kroner, fordelt med 100 000 kroner i 2018 og 100 000 kroner i 2019. Summen tilsvarar det som arrangørkommunane i Gudbrandsdalen gav åleine som støtte. Skulle festivalen koma ut med økonomisk overskot, vil midlane gå til auka innsats for folkemusikk- og -dansemiljøet som soknar til Hardanger spelemannslag.

Me vonar at Hardangerrådet kan vurdera søknaden vår med positivt utfall.

Beste helsing

Magne Velure (sign)
Leiar i hovudnemnda

Vedlegg

1. Styrings- og organisasjonsdokument
2. Arbeidsbudsjett

Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2019. Arbeidsbudsjett

03.09.2018

Inntekter

Mat og drikke	750 000
Billetter	600 000
Deltakaravgift	200 000
Diverse sal	15 000
Sponsor/annonser	250 000
Tilskot	450 000
Dugnadsinnsats	200 000

2 465 000

Utgifter

Varekostnad matsal	500 000
Innleigd hjelp	150 000
Leigekostnader	965 000
Tevlingsutgifter	200 000
Friviljuge (kostnad)	200 000
PR-materiell	100 000
Møte m.m.	100 000
Gebyr m.m.	50 000
Dugnadsinnsats	200 000

2 465 000

**LANDS
FESTIVALEN** 
I GAMMALDANSMUSIKK 2019
7.-11. august
Kinsarvik

Organisasjons- og styringsdokument

23. april 2018

Mål for Landsfestivalen 2019 (LF 2019)

- **Landsfestivalen 2019 skal markera Hardanger som ein region med levande gammaldanstradisjon (valsaspel)**
- **I tillegg til det vanlege programmet skal Landsfestivalen 2019 ha innslag som rettar seg mot born og unge**
- **Deltakarar, artistar, publikum, frivillige og gjestar skal takast imot på ein gjestfri, ryddig og profesjonell måte**
- **Tevlingar og kulturprogram skal gjennomførast på ein knirkefri og smidig måte**
- **God og rett informasjon skal sendast i rett tid i alle kanalar og til alle målgrupper**
- **Sponsorar, samarbeidspartar og leverandørar skal oppleva LF 2019 som ein ryddig og profesjonell samarbeidspart**
- **God økonomisk styring skal syta for eit overskot for vertskapslaget**
- **Ev. overskot skal nyttast av Hardanger spelemannslag til å styrkja arbeidet med folkemusikk og -dans i distriktet.**

1. Organisasjon LF 2019

FolkOrg eig Landsfestivalen. Hardanger spelemannslag er prosjekteigar av Landsfestivalen 2019.

1.1 Festivalnemnd LF 2019

Festivalnemnda er sett saman av fylgjande personar med tilhøyrande arbeidsoppgåver og arbeidsgrupper:

Magne Velure	festivalleiar
Marita A. Aarhus	nestleiar i festivalnemnda; info, marknad og media
Anne-Marie Øydvin	økonomi og festivalkontor
Øystein Velure	tevlingar
Eirin Tjoflot	kulturprogram og -opplegg
Arne Jordan	arena og teknisk
Karin Vikane	innkvartering
Per Øyvind Tveiten	frivillige
Marit T. Askeland og Ragnhild Laengen Kjerland	mat og drikke

Festivalnemnda er det øvste organet for LF 2019 og samordnar arbeidet i alle arbeidsgruppene. Kvar nemndleiar opprettar arbeidsgrupper for sine ansvarsområde. Nemndleiarar rapporterer til festivalleiar. Hardanger spelemannslag har fast observatørplass i festivalnemnda.

1.2 Organisasjon

Festivalleiar Magne Velure 957 94 300 jakobvelure@gmail.com

Leiar i festivalnemnda har det øvste ansvaret for LF 2019 og samordnar arbeidet i festivalnemnda. Alt arbeid i festivalnemnda og arbeidsgruppene skal gjennomførast i tråd med gjeldande regelverk og tevlingsreglementet som FolkOrg har for LF. Arrangørhandboka skal vera retningsgjevande for arbeidet.

Kvar nemndleiar opprettar arbeidsgrupper for sine ansvarsområde. Nemndleiarar rapporterer til festivalleiar.

2 Fullmakter, kommunikasjon og rapportering

- Festivalleiar er offisiell talsperson og kontaktpunkt mellom LF 2019 og FolkOrg.
- Nemndleiarar har fullmakt til å gjera økonomisk bindande avtaler innanfor den budsjetttramme som er fastsett av festivalnemnda.
- Avtaler som går utover fastsett budsjetttramme, skal drøftast med festivalleiar for ev. godkjenning.
- Alle avtaler SKAL gjerast skriftleg. Ved munnleg kommunikasjon skal det gjerast skriftleg oppsummering på e-post. landsfestivalen2019@gmail.com skal stå på kopi. (Dette gjeld sjølvsagt også ordrestadfestingar).
- Referat frå møte i festivalnemnd og arbeidsgrupper skal leggjast i Dropbox.
- Alle fakturaer skal stilast til "Landsfestivalen 2019", landsfestivalen2019@gmail.com . Fakturaen skal merkast med namn på tingar, og skal attesterast av tingar før betaling. (PS: Føretrekt format er faktura på e-post!!)
- Alle nemndleiarar skal setja opp oversyn over behov for frivillige for sine ansvarsområde (tal personar, tidspunkt og tidsrom) og leggja oversynet i "Frivillige"-mappa i Dropbox.
- Alle nemndleiarar har ansvar for relevant HMS innanfor sine arbeidsområde
- Alle nemndleiarar skal evaluera arbeidet i arbeidsgruppa og skriva rapport med gjennomgang av planlagde og utførde arbeidsoppgåver.
- Kommunikasjon mot publikum og deltakarar skal koordinerast av leiar for info, marknad og media
- Snakk saman! Mange oppgåver i dei ulike arbeidsgruppene heng saman og krev samarbeid og god kommunikasjon for vellukka løysing og gjennomføring
- Bruk facebook-gruppa for å skapa god infoflyt!

3. Info, marknad og media

Leiar: Marita A. Aarhus (nestleiar i festivalnemnda)

941 59 478 marita.aarhus@kartverket.no

Nemnda for info, marknad og media skal sørgja for å gjere Landsfestivalen best mogeleg kjend i miljøet for å trekkja flest mogeleg konkurransedeltakarar, men også tilreisande og lokalt publikum. Nemnda skal også, i samarbeid med leiarar og ansvarlege for tevling og kulturprogram, arbeida for å skaffa og leggja til rette for sponsorar til arrangementet.

Arbeidet omfattar mellom anna:

- Setja opp budsjett for kostnader knytt til utarbeiding og produksjon av reklame-materiell, t.d. flygeblad, festivalavis, festivalprogram, annonsar, t-skjorter, nettpublisering med meir.
- Utarbeida ein presse- og marknadsføringsplan
- Kontakt med media, inkludert publisering og utsending av resultatlister
- Tekstproduksjon og foto til pressemeldingar, heimesider og anna reklame-materiell
- Redaksjonelt ansvar for og publisering på www.landsfestivalen.no
- Redaksjonelt ansvar for og publisering på sosiale medium (Facebook, Instagram, Twitter)
- App for smarttelefonar/nettbrett
- Utforming og tinging av nødvendig reklame-materiell og billetter
- Målretta informasjon før og under festivalen
- Organisera og leggja til rette for presse under LF2019, inkludert å organisera og drifta pressekontor med nødvendige verktøy (IKT)
- Utarbeida sponsorpakkar
- Annonsesal
- Instruksar og informasjon til frivillige i samarbeid med dei ulike nemndleiarane

Pressearbeid skal skje i samarbeid med FolkOrg .

4. Festivalkontor, økonomi

Leiar: Anne-Marie Øydvin

959 93 516 anne.marie.oydvin@gmail.com

Nemnda har ansvar for økonomien i arrangementet og for organisering av festivalkontoret, sjølve navet i LF under festivalen. Nemnda er ansvarleg for billettsal og pengehandtering,

Arbeidet omfattar mellom anna:

- Organisering av festivalkontoret, billettsal og deltakarregistrering
- Tilrettelegging for IKT
- Skaffa kassa-apparat, betalingsterminalar, vekslepengar
- Kundeforhold i bank
- Handtera kontantar
- Handsama fakturaer og reiserekningar
- Rekneskap
- Instruksar og informasjon til frivillige
- HMS

5. Tevling

Leiar: Øystein Velure

908 37 850 ovelure@online.no

Nemnda skal utarbeida tevlings- og kulturprogram, og har ansvar for å leggja til rette tevlingsprogrammet til beste for dommarar og deltakarar.

Arbeidet omfattar mellom anna:

- Setja opp budsjett for kostnader knytt til dommarane sine reise- og opphaldsutgifter
- Ansvar for gjennomføring av tevlingar
- Utarbeida detaljert tevlingsprogram, inkl. dansespel
- Utarbeida plan for lydprøvar
- Premiar
- Dommarar
- Programleiarar
- Premieutdeling og resultatlister
- Organisera tevlings-sekretariat
- Innpiskarar og skjemaberarar
- Vertskap/kontaktpersonar for dommarar
- Plan for øvingsrom
- Etablera gode rutinar for rapportering (av all framført musikk) til TONO
- Samarbeid med teknisk nemnd og kulturnemnd om pynting/scenografi
- Instruksar og informasjon til frivillige
- HMS

6. Kulturprogram og -opplegg

Leiar: Eirin Tjøflet

954 71 436 eirtjo@msn.com

- Utarbeida kultur- og konsertprogram og kulturinnslag for ulike publikumsgrupper
- Setja opp budsjett for kostnader knytt til kultur- og konsertprogram: artisthonorar, reise- og opphaldskostnader
- Søkja midlar til kulturprogram
- Vertskap/kontaktpersonar for artistar
- Ansvar for gjennomføring av konsertar og kulturprogram
- Pynting og scenografi i samarbeid med tevlingsnemnd og arena-nemnda
- Informasjon og instruksar til frivillige
- Sjokoladefestivalen
- HMS

7. Arena og teknisk

Leiar: Arne Jordan

906 47 678 arne.jordan@statkraft.no

Nemnda har ansvar for tevlings- og matsserveringsarenaer.

Arbeidet omfattar mellom anna:

- Setja opp budsjett for kostnader knytt til leige av arena for tevling og servering
- Setja opp budsjett for kostnader knytt til lyd, lys og scenografi
- Sende ut anbod og ta imot tilbod for tekniske tenester
- Leigeavtaler for alle arenaer
- Arenakart og romplanar
- Scenografi
- Rydd og rigg
- Kvalitet på dansegolv
- Ljos i gangareal
- Vakteld, nattevakter på skule
- Skilting
- Gjerde, avgrensing av skjenkeområde etc.
- Kontakt med naudetatar og Røde Kors
- Parkering
- Transport mellom arenaer
- Instruksar og informasjon til frivillige
- HMS

Landsfestivalen 2019

E-post: landsfestivalen2019@gmail.com

Postadresse.: c/o Anne-Marie Øydvin, Øydvegen 25, 5730 Ulvik

Konto nr.: 3450.37.71200

8. Innkvartering

Leiar: Karin Vikane

975 20 729 kvikane@yahoo.no

Nemnda har ansvar for innkvarteringstilbod til publikum, deltakarar, dommarar, teknisk personale og dei som skal representera FolkOrg.

Arbeidet omfattar mellom anna:

- Setja opp budsjett for kostnader knytt til leige av areal for festivalcamping, sanitæranlegg, straum, inngjerding, m.m.
- Organisera og samordna innkvartering (festivalcamping, overnatting på klasserom, privat innkvartering)
- Praktisk arbeid kring etablering av festivalcamp
- Ha kontakt med overnattingsstadar for dommarar, teknisk personale og FolkOrg
- Vakthald, ordensvakter, brannvakt på camping
- Instruksar og informasjon til frivillige

9. Frivillige

Leiar: Per Øyvind Tveiten

908 44 6662 poet@online.no

Arbeidet omfattar mellom anna:

- I samarbeid med andre nemnder å definera kva oppgåver som skal gjerast og kva mannskapsbehov som trengst
- Rekruttering og registrering av frivillige gjennom bruk av sosiale medium, informasjon i pressa og kontakt med relevante lag/organisasjonar i Hardanger
- Halda oppdatert eit enkelt og funksjonelt registreringssystem
- Gje raske og presise tilbakemeldingar til dei som registrerer seg
- Vurdera og avgjera om visse arbeidsoppgåver kan setjast ut til konkrete frivillige lag/organisasjonar
- Etablere eit enkelt organisasjonsopplegg med vaktleiarar og plassansvarlege
- Ha eit opplegg med innsatslag som kan setjast inn når det er nødvendig å improvisera eller gjera ein ekstra innsats
- Instruksar og informasjon til frivillige med presise opplysningar om oppgåver, plikter og godtgjersle som fylgjer av innsatsen

- Utarbeida matrise og bemanningsplan for frivillige i samarbeid med leiarane i dei andre nemndene
- Ansvar for ein dugnadsfest hausten 2019
- HMS

10. Mat og drikke

Leiarar: Marit T. Askeland og Ragnhild Laengen Kjerland

91641230 tveitoaskel@gmail.com og 97423261 laengen@hotmail.com

Nemnda har ansvar for all servering av mat og drikke under arrangementet. Nemnda har også ei svært viktig oppgåve i å sikre eit godt resultat, då dette er ei avgjerande inntektskjelde i arrangementet.

Arbeidet omfattar mellom anna:

- Planlegging og gjennomføring av all servering
- Setja opp budsjett for kostnader knytt til innkjøp av mat og drikke
- Innkjøpsavtalar, forhandling med leverandørar om pris/vilkår
- Meny og prising
- Skjenkeløyve
- Formidla behov for matlagings- og serveringsfasilitetar til ansvarleg for arena/teknisk
- Ansvar for lagerbeholdning og returavtaler
- Organisera matlaging og matsal, inkludert opprydding
- Mat og drikke til dommarar, teknisk personale, artistar og gjestar
- Frivilligkantine
- Instruksar og informasjon til frivillige
- HMS

11. Ansvarsdeling

11.1 FolkOrg

- Rådgeving og samarbeid
- Utnemna dommarar og oppfølging av dommarane
- Meisterkonserten
- Påmelding
- Deltakarlistar
- Vandrepremiar
- Presse og informasjonsarbeid
- Invitasjonar
- Kontakt med NRK – satsa på NRK lokalt.
- FolkOrg har ei forsikring for arrangementet
- Appen – betale og oppdatere den

11.2 Lokal arrangør

- Den praktiske delen av Landsfestivalen, økonomi og gjennomføring
- Førebu og gjennomføra tevlingane i tråd med tevlingsreglementet



Hardangerrådet iks



Landsfestvalen 2019
% Anne-Marie Øydvin

mail: landsfestvalen2019@gmail.com

TILDELING REGIONALE KULTURMIDLAR 2018, gjort i Hardanger kulturråd, 29.10.18.

Tilstades: Lisbeth Bygstad Celik, Eidfjord kommune, Mary Ann Sørheim, Kvam herad
Else Marie Sandal, Odda kommune, Anne Marit Lekve, Ulvik herad,
Olav Seim, Granvin herad, Ingvild Ystanes, Ullensvang herad
Forfall: Jondal kommune

Tilskot av regionale kulturmidlar har vore lyst ut på nettsida til Hardangerrådet og alle herada. Lysinga har vore delt på sosiale medier. Det kom inn 5 søknader. Med ramma som er til disposisjon er det avgrensa kva ein kan gje stønad til. Etter ei samla vurdering vart det gjort slikt vedtak:

VEDTAK:

Tildeling av midlar Regionalt kulturfond Hardanger

Søknad 2: Landsfestivalen /Hardanger Spelemannslag - Landsfestivalen til Kinsarvik 2019

Tilsagn på kr 80.000,- i 2018, og ber dei om å søkja på nytt i 2019 for midlar då. Ein god søknad med grundig arbeid. Arrangementet set Hardanger i fokus og fremjar lokal identitet.

Rammer for tilsagn:

- Rammevilkåra skal fylgjast.
- Tilsagn føreset at Hardangerrosa vert profilert/brukt i all marknadsføring og trykksaker av arrangementet.
- Krav om enkel rapportering i alle tilsagna.
- Tilskot vert når prosjektet er sett igang, utført eller er fullfinansiert.
- Tilskotet gjeld i 12 mnd.

Kinsarvik 13.11.2018

Med helsing

Lisbeth Bygstad Celik /s
Kultursjef Eidfjord og
leiar Hardanger kulturråd

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar
Hardangerrådet